

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

Melding til leserne

EØS-komiteens beslutning nr. 47/2014, 51/2014, 55/2014 og 57/2014 ble tilbakekalt før de var blitt vedtatt og foreligger derfor ikke.

AVGJERD I EØS-KOMITEEN nr. 33/2014

033-2014n

av 8. april 2014

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2013/76/EU av 4. februar 2013 om endring av vedtak 2009/719/EF om løyve til at visse medlemsstatar reviderer dei årlege programma sine for overvaking av BSE⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I til EØS-avtala, kapittel I del 7.2 under overskrifta "RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAs OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL", vert følgjande lagt til i nr. 41b (kommisjonsvedtak 2009/719/EF):

”– **32013 D 0076:** Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2013/76/EU av 4. februar 2013 (EUT L 35 av 6.2.2013, s. 6).

Gjennomføringsavgjerdas bestemmelse skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpassing:

Følgende tilføyes i vedlegget:

’LISTE OVER EFTA-STATAR SOM HAR LØYVE TIL Å REVIDERE DEI ÅRLEGE PROGRAMMA SINE FOR OVERVAKING AV BSE

– Noreg”

⁽¹⁾ TEU L 35 av 6.2.2013, s. 6.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2013/76/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. april 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 8. april 2014.

For EØS-komiteen

Gianluca Grippa

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.